

Jenny Klinge
Stortinget

Roar Mikalsen
PB 1094
1787 Berg i Østfold

Brev om ruspolitikk

Eg viser til skriv frå deg om ruspolitikk, og takkar for innspela dine.

Eg svarer deg som medlem i Justiskomiteen, men kan ikkje gje svar på dei andre medlemane sine vegne.

Eg deler ikkje oppfatninga di om at forbodet mot narkotika strir mot menneskerettane, men tykkjer at det er interessant å setje spørjeteikn ved vedtekne sanningar for om mogleg å kunne finne nye og betre politiske løysingar. Eg er samd i at vi ikkje kan seie oss fornøgd med den politikken som har vore ført. Alt for mange, og særleg ungdom, blir freista til å prøve narkotika. Derfor ser eg fram til ein brei debatt om dette temaet i samband med utgreiinga frå Stoltenbergutvalget.

Med venleg helsing

Jenny Klinge